

Europaparlamentet drøfta framlegga til europeisk arbeidsmarknadsbyrå og direktiv om klare og føreseielege arbeidsvilkår

31. august 2018

- *Arbeids- og sosialkomiteen i Europaparlamentet drøfta framlegg til arbeidsmarknadsbyrå og direktiv om klare og føreseielege arbeidsvilkår denne veka*
- *Kva oppgåver det nye byrået skal ha og balansen mellom europeisk og nasjonalt nivå sentralt i debatten*
- *Det er fremja mange endringsframlegg til avrøystingane om dei to framlegga som vil skje 18. oktober*
- *Rådet har ein felles posisjon for direktivet om arbeidsvilkår, men ikkje for byrået.*

Europeisk arbeidsmarknadsbyrå

Saksordføraren og andre medlemmar har fremja i alt 975 [endringsframlegg](#) (samla i fem dokument nedst i lenka) til [Kommisjonsframlegget](#) frå 13. mars i år om å etablere eit europeisk arbeidsmarknadsbyrå, jf. også [omtale på Stortingets heimeside](#).

Saksordførar Jeroen Lenaers (EPP, Nederland) sa i debatten at dei mange endringsframlegga viser at dette er ein viktig sak. Hans utgangspunkt er at det nye byrået må ha eit klart fokus og nok makt til å gjere ein skilnad, men samstundes bør det vere eit unnatak at medlemslanda ikkje er involvert i aktivitetar som byrået gjennomfører. Det er viktig å finne ein god balanse mellom kva oppgåver byrået skal ha og kva oppgåver nasjonale tilsyn har og fortsatt skal ha.

Fleire har gjort framlegg om eit anna namn for byrået. Dette inkluderer framlegg om å inkludere referanse til mobilitet eller sosial sikkerheit i namnet, eller endre namnet frå «authority» til «agency». Leonaers sa det er viktigare å drøfta kva oppgåver det nye byrået skal ha, enn kva det skal heite. I debatten sa enkelte at namnet er meir en semantikk og at til døms ein referanse til sosial sikkerheit vil klargjere at byrået skal kjempe mot sosial dumping. Kommisjonen viste til at ulike namn hadde vorte vurdert, men at det også er eit poeng å få eit enkelt namn og eit namn med ei forkorting som ikkje alt er i bruk.

I debatten snakka mange om balansen mellom nasjonale tilsyn og overføring av myndigheit til byrået, inkludert å ta omsyn til ulike nasjonale modellar som den nordiske modellen. Fleire sa det ikkje er eit poeng å etablere eit tannlaust byrå. Det kom samstundes fram at det er ulike syn på kvar balansen bør liggje. Til dømes er det gjort framlegg både om å leggje til og ta vekk oppgåver i høve til det Kommisjonen har teke til orde for. Dette omfattar alt frå presisering av at det nye byrået ikkje har ansvar for Eures og styrke, til å ta til orde for at byrået skal ha ansvar for å «oversee the application of Union law in the area of labour mobility, as well as examine breaches of this law.» Det er også til dømes gjort framlegg om at byrået i staden for å mekle skal «facilitate a solution in cases of disputes between Member States' competent authorities» eller «and, where necessary, help to settle disputes by means of decisions.» Andre var opptatt av å understreke at byrået ikkje må føre til auka administrative byrder eller at det blir bygd opp nye barrierar for fri rørsle av arbeidskraft i den indre markanden.

Ein del har teke til orde for at byrået også bør få tydlegare mandat til å bruke tid på analyse, risikovurdering og andre tiltak som kan hindre sosial dumping, og ikkje berre kome på bana etter at problem har oppstått.

Det er fremja endringsframlegg knytt til å ta inn definisjonar av omgrep som arbeidstakar, sysselsatt og utstasjonert arbeidstakar. Medan ein del sa det er viktig å klargjere ein del slike omgrep, viste andre til at dette er definert i andre, eksisterande regelverk og at nye definisjonar i her vil vere uheldig.

Enkelte synes også å ville bruke dette høve til å ta opp meir generelle spørsmål knytt til fri rørsle av arbeidskraft. Det er gjort framlegg om å slå fast i fortalen at «Free movement rights are, however, not absolute and an abusive reliance on these rights should be prevented.» I debatten vart dette framlegget kritisert og det vart vist til at ingen av dei fire fridomane skal missbrukast, og at det ikkje er aktuelt å ta inn i slik presisering berre knytt til ein av fridomane i den indre marknaden.

Fleire var opptatt av at partane i arbeidslivet må trekkast nærare inn i byrået og sikre trepartsstyring av byrået. Eit framlegg som visstnok vil medføre at det kan tas gebyr frå partane om dei fremjar saker for byrået, vart kritisert. Kommisjonen sa det opphavlege framlegget sikrar god involvering av dei sosiale partane. Elles gjentok Kommisjonen at den meiner informasjon, fremje samarbeid med og mellom nasjonale tilsyn og høve til mekling bør vere dei sentrale oppgåvene for det nye byrået.

Det er lagt opp til at komiteen skal vedta si innstilling 18. oktober, men det er uklart når saka kjem opp i plenum. Dette vil avhenge av drøftingane blant medlemslanda i Rådet. Kommisjonen har vona at framlegget skal kunne vedtakast før Europavalet i mai 2019.

Klare og føreseielege arbeidsvilkår

Komiteen drøfta same dag [framlegget til direktiv om klare og føreseielege arbeidsvilkår](#), jf. omtale på [Stortingets heimeside](#). Også her er det lagt fram ei [rekkje \(891\) endringsframlegg](#) frå saksordførar og andre medlemmar av Europaparlamentet.

Kommisjonen ynskjer at framlegget skal sikre ei presisering av omgrepet arbeidstakar, inkludert (mellom anna i lys av nye arbeidsformer), krav om informasjon til tilsette frå dag ein, nye minsterettar og styrke midla til handheving og klage. Dette framlegget dermed også ein del av målet om å hindre sosial dumping i Europa som også det nye byrået skal bidra til. Debatten omfatta ein del av dei same elementa debatten om byrået, inkludert behovet for definisjonar (til dømes av arbeidstakar) og respekt for eksisterande nasjonale modellar, inkludert den nordiske modellen og rolla til partane i arbeidslivet. Saksordførar Enrique Calvet Chambon (ALDE, Spania) sa han var opptatt av finne ein god balanse mellom nye krav og samstundes hindre administrative byrder for små verksemder. Både han og Kommisjonen sa formålet er å sikre gode reglar for alle og eit særskilt vern for utsette eller svake grupper som for eksempel uavhengige sykkelpod som leverer mat. Enkelte meinte det var uklare grenser til andre regelverk som utstasjoneringsdirektivet eller tenestedirektivet, men Kommisjonen sa dei ikkje hadde funne nokon konkrete døme på at det var overlapp.

I debatten var fleire opptatt av å slå fast at arbeidsgjevarar ikkje skal kunne pålegge arbeidstakarar å gjennomføre nødvendig og obligatorisk opplæring utanfor betalt arbeidstid.

Det var ulike syn i om det bør vere ei absolutt krav å sende ut informasjon frå dag ein, eller om det i visse tilfelle er fornuftig å opne for at dette kan sendast ut etter ei viss tid.

Også for dette framlegget er det lagt opp til avrøysting 18. oktober.

Kommentar

Både arbeidsmarknadsbyrået og regelverk for klar arbeidsvilkår vekkjer stort engasjement i Europaparlamentet. Få er på overordna nivå usamde i målet om å hindre sosial dumping, men det ulike syn på korleis dette best kan sikrast. Dette gjeld både balansen mellom nasjonale og europeiske reglar og myndigheit, rolla til partane i arbeidslivet og behovet for nye reglar i høve til betre handheving av eksisterande reglar. Debatten reflekterer også til ein viss grad den tradisjonelle aust-vest skiljet i EU mellom land som eksportert arbeidskraft og land som er mottakarar av arbeidskraft. Ein del av desse skiljeline er ofte vel så tydelege i Rådet som i Parlamentet. Medan Rådet vedtok ein [felles posisjon](#) for direktivet om arbeidsvilkår i juni, har ikkje Rådet ein felles posisjon for byrået ennå.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no